



Arkivsaksnr.:

2022/8830

Dokumentdato:

29.04.2024

Styre:

Fakultetsstyret ved Det humanistiske fakultet

Styresak:

29/24

Møtedato:

07.05.2024

---

## Framdriftsnotat, Studieporteføljeprojektet ved Det humanistiske fakultet

---

### Notat

Formålet med dette notatet er å kort gjera greie for framdrifta i fakultetet sitt studieporteføljeprojekt og å presentera ei førebels skisse til sluttrapport frå arbeidsgruppa for prosjektet (jf. RS 13/24). Arbeidsgruppa skal levera sluttrapport i juni 2024, som skal handsamast av fakultetsstyret i september 2024.

Studieporteføljeprojektet ved HF vart først initiert av dekanatet gjennom eit posisjonsnotat som vart lagt fram for fakultetsstyret i juni 2022 (sak 28/22). Med bakgrunn i posisjonsnotatet vart det sett i gang eit forprosjekt for å utarbeida eit kunnskapsunderlag og gje ei retning for det vidare arbeidet med studieporteføljen ved HF. Målet var å identifisera interne og eksterne hovudutfordringar i utviklinga av fakultetet sin studieportefølje. Ein sentral del av forprosjektet var å perspektivera studieporteføljen komparativt, både for å identifisera særdrag og særskilte utfordringar ved HF og for å drøfta og synleggjera korleis vår eigen portefølje kan utviklast vidare. Forprosjektet utarbeidde òg eit oversyn over ulike kvantitative tidsdata knytt til HF sin studieportefølje, som studentrekruttering, gjennomføring og utviklinga i talet på studieprogram og -emne. I tillegg drøfta forprosjektet potensialet for tverrfaglege studieprogram ved HF, samt tilhøvet mellom disiplindefagleg og tematisk innretning på studieporteføljen. Ein sentral del av forprosjektet var å drøfta korleis endringar i studieporteføljen best kan forankrast i fagmiljøa og korleis prosessane knytt til dette bør gripast an vidare.

Arbeidsgruppa i forprosjektet hadde følgjande medlemmer: Svein Ivar Angell, leiar, Steinar Bøyum (FoF), Ines Prodöhl (AHKR), Ingunn Lunde (IF), Heming Gujord (LLE), Axel Legaard (stud.rep.), Hanne Svanholm Misje (HF) og Julie Alver Tønsaker (HF). Arbeidsgruppa konkluderte med at det burde setjast ned ei ny arbeidsgruppe for å arbeida vidare med HF sin studieportefølje, og føreslo at denne gruppa burde gjera ein grundig gjennomgang av studieprogramporteføljen ved HF ut frå følgjande føresetnader:

- Det skal identifiserast kva program det er særskilte utfordringar knytt til rekruttering og gjennomføring.
- Program- og emneportefølje skal forenklast. Dette kan innebera nedlegging eller omorganisering av program.
- Det skal arbeidast med tiltak for å styrkja kvalitet og gjennomføring i programma.

- Det skal vurderast å oppretta program med tverrfagleg profil og klar arbeidsrelevans.
- Arbeidsgruppa skal ta omsyn til pågåande og framtidige prosessar knytt til studieporteføljen ved fakultetet: Implementering av ny modell for lektorprogramma, arbeidet med å etablera eit FPØ-program og å utarbeida ein strategi for EVU-tilbodet ved HF.

På møte i mars 2023 slutta fakultetsstyret seg til tilrådingane til forprosjektet, og sette ned følgjande arbeidsgruppe for å ta prosessen vidare (fakultetsstyresak 9/23):

Svein Ivar Angell, visedekan for utdanning (leiar)

Steinar Bøyum, instituttleiar FoF

Anders Fagerjord, instituttleiar LLE

Kari Jegerstedt, senterleiar SKOK

Martin Paulsen, instituttleiar IF

Teemu Ryymin, instituttleiar AHKR

Rasmus T. Slaattelid, senterleiar SVT

Dekanan oppnemnde studentrepresentantane Kimberly Nyborg, Yrja Skjærum, Føya Lothe Flateråker og Yimin Dong som medlemmer av arbeidsgruppa. I tillegg har Hanne Svanholm Misje og Unni Karin Utvik frå fakultetsadministrasjonen vore med. Signe Nilssen (LLE) vart oppnemnd som representant for studieleiarane. Ho gjekk ut av gruppa i januar 2024 og vart erstatta av Jan Jacob Hoffmann (AHKR). Arbeidsgruppa vart supplert med undervisningskoordinatorane ved institutt og einingar vinteren 2024 (fakultetsstyresak 16/24).

Arbeidsgruppa har hatt møte om lag ein gong i månaden. Eit arbeidsutval sett saman av Angell, Utvik, Misje og Nilssen/Hoffmann har hatt det operative ansvaret i prosjektet, og har møttest kvar veke. I tillegg vart det etablert ei referansegruppe for prosjektet. Denne er sett saman av ulike representantar frå eksterne interessentar knytt til HF sin studieportefølje. Her har det særskilt vore viktig å samla innspel frå relevante arbeidsgjevarar i ulike sektorar. Denne gruppa har hatt eitt møte, der òg arbeidsgruppa frå prosjektet var med.

Dekanatet har vore sær oppteken av at prosjektet skal ha ei brei forankring i organisasjonen. Ved starten av prosessen (hausten 2022) vart det gjennomført allmøte på alle institutt og einingar, i tillegg til at dekanatet hadde eigne møte med fagkoordinatorane på alle institutt. I oktober 2023 vart alle fagkoordinatorane ved fakultetet samla til eit seminar der dei kunne gje innspel til prosjektet. Fagmiljøa har òg hatt høve til å respondera på konkrete spørsmål knytt til prosjektet undervegs. I tillegg har studiestyret og fakultetsstyret fått regelmessige løypemeldingar om prosjektet. Prosjektet har òg ei eiga heimeside, forutan at det har vorte informert om framdrifta i prosjektet i fakultetet sine månadlege nyheitsbrev.

Det har vore ei konstruktiv stemning og gode diskusjonar i arbeidsgruppa for studieporteføljeprojektet. Det er ei allmenn oppfatning – både i arbeidsgruppa og blant mange av dei som underviser på HF – at HF-programma representerer ferdigheiter og kompetansar som er svært verdifulle i samfunnet i dag. Men det må takast nokre grep for å styrkja rekrutteringa til HF sine studieprogram og å leggja til rette for betre gjennomføring og høgare studiepoengproduksjon. Dette er særskilt viktig sidan resultatinntektene frå utdanningssida vert enda viktigare for fakultetet i åra framover.

Det er likevel ikkje til å leggja skjul på at det er ulike oppfatningar av kva grep ein kan og bør ta. Endringar i studieporteføljen ved HF må balansera omsynet til å effektivisera ressursbruken på den eine sida, og å vidareutvikla studiekvaliteten og det faglege innhaldet i studieprogramma på den andre. Dette er krevjande, særskilt sidan studieporteføljeprojektet òg har måtta balanserast mot fagleg-politiske mål knytt til å halda oppe UiB sin posisjon som breiddeuniversitet. Reint konkret inneberer dette at det er ein premis at HF må halda oppe moglegheitene for ei spesialisering heilt opp til ph.d.-nivået innanfor alle fagområde.

På denne bakgrunnen har arbeidsgruppa brukt mykje tid på å diskutera kva som er råd å få til innanfor rammene av og med bakgrunn i mandatet for prosjektet. Gruppa landa på ei operasjonalisering der ein i hovudsak konsentrerer seg om BA-programma. Dette gjeld både ved at det er her fakultetet har flest studieplassar og ved at dei aller fleste av MA-studentane vert rekrutterte frå fakultetet sine eigne BA-program.

Kva er utfordringane på BA-programma ved HF i dag? Alle programma ved fakultetet har utfordringar i og med at studentrekrutteringa har vorte vesentleg lågare over tid. Vi har fleire BA-program der det knapt vert uteksaminert kandidatar, og samla sett fyller ikkje fakultetet studieplassane sine. I tillegg er det låg gjennomføring på dei aller fleste av BA-programma våre. Men desse utfordringane er særleg alvorlege ved at dei store studieprogramma ved fakultetet – altså dei med over 40 studieplassar – no ser ut til å ha kome inn i ein negativ spiral. Resultatinntektene frå desse studieprogramma er særst viktige for fakultetsøkonomien og i røynda ein føresetnad for at ein har kunna halda opp eit så breitt studietilbod som ein har på HF. Lite tyder på at det vil vera ein føremålstenleg strategi å satsa på at dei store programma vil nå tilbake til gamle høgder i studenttal. Det vil heller ikkje vera ein føremålstenleg strategi å etablere ei vifte med nye og populære emne, med mål om å styrkja sjølve studiepoengproduksjonen. Det er ei allmenn oppfatning i arbeidsgruppa at det ligg eit stort potensiale i å utvikla sjølve studieprogramma på ein måte som gjer dei meir attraktive og styrkjer studentane si gjennomføring.

Arbeidsgruppa ser det som heilt vesentleg å utvikla studietilbodet i ei retning som betre synleggjer og tydeleggjer arbeids- og samfunnsrelevansen i programma. Kva kompetansar og ferdigheiter har kandidatane våre når dei skal ut i arbeidslivet? I kva grad gjev vi dei kompetansar og ferdigheiter til å møta dei store samfunnsutfordringane i samtida? Korleis synleggjer vi dette i utdanningane vi tilbyr? Svaret på desse spørsmåla ligg for det første i å identifisera dei moglegheitene som ligg i å gjera endringar innanfor rammene av programporteføljen som vi har i dag. For det andre ligg det i å gjera strukturelle endringar i programporteføljen. I sum representerer desse to svara ein kortsiktig og langsiktig strategi for utviklinga av studieporteføljen ved HF.

Mykje tyder på at vi bruker for mykje tid og ressursar på å skjøtta sjølve emneporteføljen ved HF, og at blikket for heilskapen lett går tapt. Emna inngår i dei spesialiseringane som i sum utgjer BA-programma ved fakultetet. Men spesialiseringane går på same tid inn som del av eit heilskapleg utdanningslaup, som både inkluderer 30 studiepoeng i 1. semester (ex.phil, ex.fac. og 100-emne på dei programma som har det) og 60 frie studiepoeng i 5. og 6. semester. Spesialiseringane er del av eit heilskapleg utdanningslaup, og eit første hovudgrep

kan vera å gjera tiltak som tydeleggjer og utnyttar potensialet som ligg i dette på ein betre måte. Som eit utgangspunkt bør ein då spørja seg korleis generiske HF-kompetansar – som «alle» meiner er verdifulle og svært etterspurde i samtida - i større grad kan synleggjerast i BA-utdanninga vår. Konkret snakkar vi då til dømes om tekstforståing, kommunikasjonsferdigheiter, kritisk tenking, digitale ferdigheiter og mangfaldskompetanse.

Her ligg det for det første moglegheiter i å gjera noko i 1. semester. I UiB si nye studieforskrift er det ikkje lenger krav om obligatorisk ex.fac. i BA-graden. På HF har vi framleis dei to ex.fac.-emna Akademisk skrivning (AS) og Språkkunnskap (SK). SK er sterkt tilrådd i alle BA-program i språk (inkludert Nordisk-programma), AS er tilrådd i andre program. Tilbakemeldingane som arbeidsutvalet i prosjektet har samla inn tyder på at AS fungerer bra. SK fungerer òg bra som emne, men ein kan ikkje føresetja at studentane som startar på spesialiseringdelen av språkprogramma har tatt emnet. Verdien av emnet er såleis avgrensa. Difor ligg det ei moglegheit i å etablera AS som eit obligatorisk emne i alle BA-programma ved fakultetet. Dette vil forutsetja ei vidareutvikling av emnet slik at det tydeleg tek opp i seg generiske og HF-spesifikke samtidsrelevante kompetansar. SK kan på si side innlemmast i innføringsemna på språkprogramma, slik at éin del av desse er eit framhald av det SK inneheld i dag, medan den andre delen er meir programspeifikk. Eit slikt grep kan òg representera ressursmessige gevinstar (noko som må utgreiast).

For det andre ligg det moglegheiter i å utnytta dei frie studiepoenga – eller snarare synergien mellom spesialiseringane og dei frie studiepoenga - i BA-programma på ein betre måte. Studentane har lenge etterspurd klarare tilrådingar i måten dei skal bruka dei frie studiepoenga på. Arbeidsgruppa har diskutert moglegheita for å etablera såkalla tilrådde emnepakkar som del av dei frie studiepoenga i BA-graden. Ein emnepakke kan tena som ei fagleg støtte og/eller gje ein utfyllande kompetanse til ei spesialisering eller gje ein fullstendig kompetanse i seg sjølv. (Årsstudia fungerer på nokre vis som ein slik emnepakke per i dag, i alle fall som del av PPU-vegen til lektorkompetanse). Ein slik emnepakke kan vera typisk arbeidslivsretta (ved HF har vi fleire praksisemne som kan vera del av ein emnepakke). Dei kan òg tena som ei fagleg utdjuping av spesialiseringane. Det kan vera føremålstenleg at dei tilrådde emnepakkane utgjør 30 stp. Dette går opp med den varierende emnestorleiken på HF. Det gjev òg rom for utveksling, som i mange av BA-programma på fakultetet ligg inne som del av dei frie studiepoenga. Men her kan ein sjølv sagt òg tenkja seg at eit utvekslingsopphald er del av ein emnepakke.

Ved HF-UiO har ein eit system med obligatoriske emnegrupper som del av BA-graden. Ved UiT er ein i ferd med å etablera eit tilsvarende system. Det er òg i gang drøftingar på UiB om ein skal prøva ut eit system med tilrådde emnepakkar på tvers av fakulteta.

For at ei ordning med emnepakkar skal gje ein ønska fagleg effekt, bør det vera tydeleg korleis det støttar opp om spesialiseringane. Det kan difor vera føremålstenleg å flytta 200-nivået i BA-graden til siste semester, slik at ein utnyttar den faglege gevinsten frå emnepakkane inn i spesialiseringa. I lag med dei endringane i 1. semester som er skildra ovanfor, kan strukturen for BA-graden ved HF difor sjå slik ut:

## «Ny» BA-modell?

6. semester (V)	30 studiepoeng spesialisering, 200-nivå		
5. semester (H)	30 studiepoeng emnepakke		
4. semester (V)	30 studiepoeng emnepakke		
3. semester (H)	30 studiepoeng spesialisering		
2. semester (V)	30 studiepoeng spesialisering		
1. semester (H)	Ex.phil. 10 stp	Akademisk skriving 10 stp	Innføringsemne m/språkvitskap (der aktuelt) 10 stp

Eit system med tilrådde emnepakkar fordrar fleire fagleg-strategiske val. Som eit utgangspunkt må det fattast ei prinsippavgjerd om at spesialiseringar ved HF òg skal omfatta emne i tillegg til dei spesialiseringane som studentane går på. Om ikkje det vert lagt inn ei slik føring, kan eit slikt system fort verta oppfatta som uforpliktande, og vil heller ikkje gje ei tydeleg retning for korleis vi brukar ressursane våre.

Det må òg vera ei heilt tydeleg føring at etableringa av emnepakkar ikkje må føra til vekst i emneporteføljen på fakultetet. Innføringa av ei slik ordning må tvert om brukast som ein moglegheit til å få ned emneporteføljen. I forlenginga av dette er det eit poeng at eit system med emnepakkar opnar for ein annan moglegheit som har vorte drøfta i arbeidsgruppa: å etablere fellesemne som inngår i fleire spesialiseringar. Den kostnadssparande sida ved dette er openberr, ved at ein kan erstatta emne vi har i dag med fellesemne. Dette vil gje moglegheiter for å bruka undervisningsressursar på tvers av studieprogram. Men det er òg klart at fellesemne som inngår i fleire spesialiseringar vil kunna styrkja det faglege innhaldet i spesialiseringane. Fellesemne som del av fleire spesialiseringar kan likeins gje moglegheit for at spesialiseringane kan kvalifisera til fleire masterprogram. Dette vil kunna styrkja rekrutteringa til MA-programma ved fakultetet.

På sikt må det likevel vera eit mål for HF at fleire av programma ved fakultetet vert slått saman til eller inngår i nye program. Men dette må vera fundert i ein langsiktig porteføljeplan. I det nye studiekvalitetssystemet ved UiB er det ei klar føring at fakulteta skal utvikla langsiktige porteføljeplanar. HF bør utnytta denne moglegheita til å definera nokre langsiktige mål for korleis studieporteføljen ved fakultetet skal sjå ut. Det bør vera eit klart strategisk mål

for HF å etablere eit sett med engelskspråklege tilbod for å styrkje den internasjonale studentrekrutteringa.

Kva kjem arbeidsgruppa til å tilrå? Dette er naturlegvis for tidleg å konkludera på. Men ut frå dei diskusjonane som har vore i gruppa og under fakultetsleiarkonferansen 23/4-2024, er det rimeleg å sjå føre seg noko i denne retninga:

1. Fakultetsstyret vert tilrådd å vedta at ei BA-utdanning ved HF òg skal omfatta emne som ikkje inngår i dei programma som studentane tek spesialiseringa si innanfor.
2. Det vert prøvd ut eit system med tilrådde emnepakkar. Dette må vera klart til studiestart hausten 2025. Dette vert sett i samanheng med målet om å etablere fellesemne mellom program og å bruka undervisningsressursar på tvers av program.
3. Innhaldet i førstesemester og BA-strukturen ved HF vert teke opp til revisjon med sikte på implementering hausten 2025.
4. I løpet av hausten 2024 skal alle studieprogram ved fakultetet koma opp med konkrete tiltak for å styrkje gjennomføringa.
5. Mentorordninga vert utvida til heile 1. studieår som eit tiltak for å motverka fråfall.
6. Det vert vedteke eit langsiktig mål om at HF skal etablere fleire studieprogram som tek sikte på internasjonal rekruttering.

#### **Forslag til vedtak:**

Fakultetsstyret tar framdriftsnotatet til orientering.

Camilla Brautaset  
dekan

Kim Ove Hommen  
fakultetsdirektør